

BYR

VEST-TELEMARK

Arbeidspakke 1:

Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest-Telemark kommunane

Dagens miljø og aktører – arbeidsoppgåver – SWOT analyse

Utført av: Vest-Telemark Næringshage AS
Svein Foldøy, Åsmund Stenseth, Helena Gjersund
Kviteseidgata 18, 3850 Kviteseid

Bestilling

Kartlegge dagens miljø og aktører, og dei ulike arbeidsoppgåvene som må løysast av aktørane, byggselskap (eigar), driftselskap (dagleg drift), næringshageselskap (innhaldsselskapet) m/SWOT-analyse. Peike på svakheter og styrker med måten det er organisert på.

Ut frå bestillinga i direkteanskaffinga, har vi valt å dele kartlegginga inn i tre delar;

- | | |
|--|---------|
| 1. Miljø og aktører | side 2 |
| 2. Oppgaver som må løysast av aktørane | side 10 |
| 3. SWOT-analyse | side 14 |

Del 1: Miljø og aktører

Definisjonar

Miljø:

I denne rapporten er miljø definert som samlokalisering av verksemder. Ei samlokalisering bestående av mindre kompetansebedrifter skal bygge opp større faglege og sosiale miljø. Det er særskilt lagt vekt på næringshagemiljø, men det er også tatt med kontorfellesskap som har ønskje om kompetansmiljø i samlokaliseringa.

Aktører:

I denne rapporten er dei største aktørane som driv med næringsutvikling i Vest-Telemark nemnd med ein kort presentasjon. Det er lagt vekt på korleis dei er knytt til dei eksisterande næringshageselskapa og næringshagebygga.

Dagens aktører

Næringshagesatsing i Vest-Telemark:

Det er etablert næringshageselskap i alle Vest-Telemark kommunane bortsett i frå Nissedal; Seljord Næringshage AS, Dalen Næringshage AS, Fyresdal Næringshage AS og Vest-Telemark Næringshage AS (ligg i Kviteseid). Rauland næringshage AS er under etablering.

Seljord-, Dalen- og Rauland næringshage er alle i startfasen med næringshagearbeidet. Dei etablerte selskapa arbeider med prosjektering og utarbeiding av framtidige næringshagebygg og miljø. Fyresdal Næringshage AS er driftselskapet til næringshagebygget i Fyresdal. Vest-Telemark Næringshage AS (VTNH) er ikkje involvert i drift av næringshagebygget men ei utviklingsteneste til bedrifter. I Nissedal er det etablert eit kontorfellesskap i Treungen Teknologipark.

Næringshagane i Norge er eit nettverk av næringshagar i heile Noreg. VTNH, Fyresdal Næringshage og Seljord Næringshage er alle medlemmer av dette nettverket. For å kunne bruke ordet næringshage om fellesskapet må det vere ein SIVA næringshage eller vere medlem i foreininga Næringshagene i Norge.

Under følger ei lita introduksjon til dei ulike næringshageselskapa. Samlokaliseringmiljøa og næringshagebygg vert presentert under miljø, lenger nede i rapporten.

Vest-Telemark Næringshage AS

Vest-Telemark Næringshage AS (VTNH) formål er å stimulere til utvikling og vekst i næringshagebedriftene. Vest-Telemark Næringshage vart tatt opp i SIVAs næringshageprogram i 2012. Som ein næringshage i næringshageprogrammet leverer dei utviklingstenester delvis finansiert av SIVA og Telemark Fylkeskommune (TFK) til målbedrifter. Slik når tilskotet frå SIVA og TFK direkte ut til bedriftene dei arbeider med. Ei målbedrift er ei bedrift som er med i næringshagenettverket gjennom målbedriftsavtaler.

Selskapet har følgande eigarar: Kviteseid kommune: 29,29%, SIVA SF: 20,2%, Kviteseid Næringslag: 14,14%, og resten er fordela på 7 private lokale verksemdar. Nokre av desse er også leigetakarar i næringshagebygget.

Organiseringa i Kviteseid avviker litt frå normene, ved at det ikkje er eit eige driftselskap. Vest-Telemark næringshage AS er ikkje direkte knytt til drift av næringshagebygget (driftar likevel per i dag kantine og reinhald), men ei konsulentteneste til bedriftene i bygget og andre bedrifter i Vest-Telemark som har ein strategi om innovasjon, utvikling og vekst. VTNH har i dag 32 målbedrifter.

SIVA har uttalt at Vest-Telemark Næringshage AS skal vere den einaste SIVA-hagen i regionen, men dei har også signalisert satsing på regionen gjennom utvida aktivitet i samspelet mellom VTNH og aktuelle miljø i dei andre kommunane i Vest-Telemark.

SIVA: Eit statsføretak med spesialkompetanse innan egedomsinvestering, innovasjon og næringsutvikling. Eitt av SIVAs distriktspolitiske verkemiddel er næringshageprogrammet. Næringshageprogrammet skal bidra til auka nasjonal verdiskaping gjennom tilrettelegging for utvikling av kompetansearbeidsplassar i eksisterande næringsliv og etablering av nye bedrifter. Grunnideen er at samlokalisering av mindre kompetansebedrifter skal bygge opp større faglege og sosiale miljø.

Fyresdal Næringshage AS

Fyresdal Næringshage AS (FNH) er drifts- og utviklingselskapet i næringshagen. Selskapet er etablert i samarbeid mellom offentlege og private aktørar i Fyresdal, med ei finansiering frå tenestosal, prosjektinntekter samt støtte frå Fyresdal kommune og Telemark Fylkeskommune. Vidare finansiering av arbeidet frå 2017 og framover skal avklarast i inneverande år. Fyresdal Næringshage AS skal vere ein aktiv partner som skal jobbe for og legge til rette for eksisterande bedrifter i næringshagebygget så dei får moglegheit til vekst og utvikling. Dei skal også arbeide aktivt for å få etablert nye bedrifter i næringshagebygget. Fyresdal Næringshage AS leiger inn kapasitet til dagleg leiing og utviklingsarbeid frå aktørane i Næringshagen. Per januar 2016 er det rådgjevingsselskapet Silva Consult AS som har ansvaret for dagleg leiing i FNH.

Silva Consult AS: Dette er eit konsultentselskap innan fagfelte skog, eigedom, økonomi og bedriftsrådgjeving. Selskapet tilbyr også kompetansetenester knytt til leiing, prosjekt og styrearbeid.

Dalen næringshage AS

Dette er eit selskap som jobbar for å få etablert eit næringshagebygg og miljø på Dalen i Tokke kommune. Her er Tokke kommune hovudaksjonær, samt fleire verksemder på Dalen som øvrige aksjonærar. Dei har i dag dagleg leiar-tenesta levert gjennom Vest-Telemark Næringsutvikling AS (VTNU).

Seljord Næringshage AS

Dette selskapet jobbar for å få etablert eit nytt næringshagebygg i Seljord, det vil bli etablert ved overdragelse av næringshageigedom frå ein privat aktør – som eig bygget i dag. VTNU leverer dagleg leiar til selskapet. Målet er å stimulere utvikling og vekst i næringshagebedriftene, legge til rette for etablerarar og vere ein aktiv aktør i arbeidet med å etablere og utvikle høgkompetansesarbeidsplassar i regionen.

Rauland Næringshage AS

Dette selskapet skal arbeide med vidare prosjektering med mål å få etablert eit næringshagebygg på Rauland knytt til Rehabiliteringssenteret AiR. Når bygget er etablert skal selskapet stå for dagleg drift av bygget. VTNU leverer dagleg leiar til selskapet.

Vest-Telemark Næringspark AS

Dette er eidegdomsselskapet som eig næringshagebygget i Kviteseid. Selskapet er eigd av Vest-Telemark Næringsbygg AS (66,76%), Kviteseid kommune (31,37%) og Vest-Telemark Næringshage AS (1,67%). Selskapet har prosjektert, bygd og eig næringshagebygget i Kviteseid. Selskapet er part i leigeavtalene med leigetakarane og tek i mot leigeinntektene. Selskapet har ingen tilsette. Vest-Telemark Næringsutvikling AS har ansvaret for kommersiell drift av bygget på vegne av Vest-Telemark Næringspark AS.

FN Eigedom AS

FN Eigedom AS (FNE) er eidegdomsselskapet som eig næringshagebygget i Fyresdal. Selskapet er eigd av Fyresdal kommune (48,87%), Vest-Telemark Næringsbygg AS (27,157%), Telemark Lys AS (13,57%), Fyresdal skogeigarlag (4,52%), Faun Naturforvaltning AS (5,43%) og Fyresdal Næringsorganisasjon (0,46%).

FN Eigedom driftas etter ei samarbeidsavtale med Fyresdal Næringshage. Næringshagen har ansvar for rekruttering av nye leigetakarar og utvikling av næringsmiljøet i næringshagen.

Vest-Telemark Næringsbygg

Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) deltek i ulike typar av næringsbyggprosjekt, aktuelle selskap og verksemder for å vere med på å skape grunnlag for vekst og utvikling i regionen. Dei bidreg til å finansiere næringshagebygg ved å skyte inn aksjekapital. Dei dekkjer kommunane i Vest-Telemark, Hjartdal og Drangedal.

VTN har ingen tilsette. Alle tenester som til dømes prosjektering, bygging og drift er sett ut til VTNU. VTN er eigar av VTNU som då leverer drift til byggselskapet. VTN sitt føremål, er i samråd med andre aktørar å styrke og vidareutvikle næringslivet i regionen.

Mål: I tett samarbeid med næringsliv og kommunar vil VTN medverke til å skape utvikling i region. Viktig fokus er å legge til rette for næringsetablering gjennom å tilby rimelege og attraktive utleigebygg. VTN skal legge til rette for eit allsidig næringsliv. Reising av nye næringsbygg og næringsmiljø skal ha hovudfokus.

Bak VTN står om lag 20 aksjonærar; kommunar, bankar, private verksemder og nokre enkelt personar. Vinje kommune er største aksjonær med 24,67%. Kommunane i Vest-Telemark har til saman 58,21%, tek me med dei to andre kommunane som er medeigarar (Drangedal og Hjartdal) er eigarandelen 69,15%. Telemark fylkeskommune er også ein stor eigar (9,92%). Med dette har kommunane aleine eller Vest-Telemark kommunane saman med fylkeskommunen kontroll på selskapet.

Vest-Telemark Næringsutvikling AS

Vest-Telemark Næringsutvikling AS (VTNU) er det regionale næringsutviklingselskapet i Vest-Telemark. Dei har jobba med regionale utviklingsprosjekt sidan 1995. Dei har eit særleg ansvar for å fremje regionens interesser. Dei er ein prosjektorganisasjon som tek på seg prosjektleiing innan fleire ulike fagfelt.

VTNU driftar også Etablererkontoret i Vest-Telemark som er eit samarbeid mellom dei seks Vest-Telemark kommunane, Innovasjon Norge og NAV. Det er Etablererkontoret i Vest-Telemark som leverer teneste om næringsfaglig vurdering til NAV. Dei er også sekretariat for innkjøpssamarbeidet mellom 8 kommunar i Midt- og Vest-Telemark. Dei prosjekterer næringshagebygg og næringshageelskap i tillegg til å levere dagleg leiar tenester til 3 næringshageselskap i regionen.

Vest-Telemark Næringsbygg AS er eigar av VTNU og det er same dagleg leiar i begge selskap.

Kommunale næringskontor

Alle kommunane i Vest-Telemark har eigne næringsavdelingar i kommunen. Organiseringa er forskjellig frå kommune til kommune. Under er det ein oversikt per kommune:

- Vinje kommune har organisert skogbruk, landbruk og næringsutvikling i Vinje Næringskontor. Her er Toril Nicolaisen nærings sjef.

- Tokke kommune har ein eigen plan- og næringsetat. Under denne etaten ligg også landbruk og skogbruk. Plan- og nærings sjef er Gunhild Austjord.
- Fyresdal kommune har Edvard Nesland som nærings sjef.
- Seljord har ei næringsavdeling beståande av kommunalsjef for plan, utvikling og tekniske tenester, kultur- og nærings sjef og landbruksansvarleg. Asbjørn Storrusten er kultur- og nærings sjef.
- Nissedal kommune har ei 70 % stilling som næringskonsulent. Hildegunn Rønningen er nyleg tilsett i denne stillinga.
- Kviteseid kommune har ein nærings sjef organisert under eining for samfunnsutvikling og teknisk drift. Elisabeth Lid er tilsett som nærings sjef.

Nærings sjefane/-konsulentane i kommunane i Vest-Telemark har organisert eit samarbeid gjennom Næringskollegiet i Vest-Telemark.

Vest-Telemark rådet

Vest-Telemark rådet er eit regionalt samarbeidsorgan for dei seks kommunane i Vest-Telemark. Rådet består av dei seks ordførarane i Vest-Telemark.

Rådet jobbar for å løyse felles problemstillingar for kommunane og står som koordinator for ei rekkje samarbeidstiltak i regionen. Sekretariatet til Vest-Telemark rådet står for den daglege drifta av regionsamarbeidet, har to tilsette og har kontor i Vest-Telemark Næringshage i Kviteseid. Vest-Telemark rådet er 50 % finansiert av kommunane og 50 % finansiert av Telemark utviklingsfond (TUF).

Vest-Telemark Næringsforum

Vest-Telemark Næringsforum (VTNF) vart etablert i 2006 som ein medlemsorganisasjon for næringslivet i Vest-Telemark. Medlemsgrunnlaget er private enkeltmannsføretak, verksemdar/selskap, rådgjevingsmiljø, høgskule, bankar og organisasjonar i regionen. VTNF si hovudoppgåve er å fremje samarbeid, vekst og gode rammevilkår for- og mellom verksemdene i Vest-Telemark. Dette gjer ein gjennom ei rekkje tiltak og prosjekt under mottoet: "Samarbeid og styrke, for vekst og utvikling". Silva Consult AS leverer dagleg leiar-tenesta til foreininga. Styret består av 8 næringslivsleiarar, der alle kommunane i Vest-Telemark er representert.

VTNF fungerer som eit felles talerør for næringslivet i regionen og er næringslivets representant i ei rekkje råd og utval som Næringslivets transportutval, Næringskollegiet i Telemark og Vest-Telemark, programkomiteen for Vest-Telemark konferansen, Nettverksgruppa for vidaregåande opplæring i Vest-Telemark, med meir.

VTNF organiserer i underkant av 100 verksemdar frå alle kommunane i Vest-Telemark og representerer omlag 1500 arbeidsplassar, noko som tilsvarer 40 % av arbeidsplassane i privat sektor i regionen.

Lokale næringslag

Næringslaga er foreiningar av næringsdrivande i lokalmiljøet. Alle kommunane i Vest-Telemark har lokale næringslag, nokon av kommunane har fleire. I Vinje kommune er det til dømes Vinje Næringslag, Sentrumsgruppa på Rauland og Haukeli Næringslag. Desse lokale laga arbeider for å utvikle næringa lokalt. Eit kjenneteikn for fleire av desse laga er at dei skapar lokale aktivitetar for å trekke folk til bygdene og auke lokal handel. Dette arbeidet skjer som oftast på dugnad. Det sit representantar frå kommunen i fleire av næringslaga i regionen.

Kviteseid næringslag er ei av Vest-Telemark Næringshage AS sine målbedrifter.

DAGENS MILJØ

I Vest-Telemark kommunane er det etablert fleire samlokaliseringstilsetjingar, både i form av næringshagemiljø og kontorfellesskap.

Tematisk er miljøa ganske ulike. Slik sett er det eit mangfaldig og samansett næringsliv som utgjer regionens samla næringshagemiljø. Under følger ei skildring av miljøa i dei ulike kommunane.

Kviteseid

I Kviteseid ligg Vest-Telemark Næringshage, bygget var innflyttingsklart i 2014. Før dette var bedriftene samlokalisert i Findalen-bygget på same stad som næringshagebygget står i dag. Tanken om etablering av næringshage i Kviteseid starta for over 10 år tilbake, og selskapet vart stifta i 2012.

Det som sette prosjektet om næringshage i gang var eit samarbeid mellom verksemder, Kviteseid kommune og Telemark fylkeskommune. I dag er bedriftene i samlokaliseringstilsetjinga i hovudsak IKT-verksemder, utvikling av produkt og tenester innan nanoteknologi, planlegging, etablering og forvaltning av digital infrastruktur, utvikling og sal av innhaldstenester på nett, rådgjeving og konsulenttenester innan IT-sikkerhet, utvikling og drift av Software. Miljøet består i tillegg av andre typer kompetansebedrifter.

I dag held miljøet til i topp moderne kontorlokale med plass til vel 50 kontorarbeidsplassar.

I miljøet er Vest-Telemark Næringshage AS, Vest-Telemark Næringsutvikling AS, Etablerarkontoret i Vest-Telemark, Vest-Telemark Næringsbygg AS og sekretariatet for Vest-Telemark rådet samlokalisert.

Fyresdal

Miljøet har utspring i bedrifter innan naturbasert næring. Dette miljøet har i samarbeid med Fyresdal kommune og Telemark Fylkeskommune arbeidd gjennom fleire år for å etablere og utvikle eit næringshagemiljø i Fyresdal.

Selskapet skal stimulere til utvikling og vekst i næringshagebedriftene, legge til rette for gründerar og vera ein aktiv aktør i arbeidet med å etablere og utvikle høg-kompetansearbeid i regionen. Miljøet består i dag av eit mangfald av kompetansebedrifter. Miljøet omfattar også kafédrift. Miljøet har ein Kviteseid, 01.02.2016

særleg posisjon knytt til bioøkonomisk næringsutvikling, mellom anna gjennom prosjektet Bioøkonomi Telemark.

I dag held miljøet til i topp moderne kontorlokale med plass til vel 50 kontorarbeidsplassar. Per januar 2016 er kapasiteten i eksisterande bygg fullt utnytta. Byggetrinn 2 er i gang og 1. oktober 2016 skal det stå klar ein ny fløy som skal huse Fyresdal kommune, kyrkjekontoret og NAV. Det vil i tillegg bli 11 nye kontor til utleige. Etter dette vil miljøet bestå av nærare 100 arbeidsplassar. Det er berre i Fyresdal ein finn ei så omfattande samlokalisering mellom offentleg og privat sektor, og målet er å skape grunnlag for utvida privat/offentleg samarbeid.

Seljord

I Seljord har det gjennom nokre år utvikla seg eit samlokaliseringstilgjelding i kontorlokala til Telebygget Seljord AS. I desse lokala held også Seljord Næringshage AS til.

Miljøet er breitt samansett, med bedrifter og næringsdrivande tilhøyrande ulike bransjar. Fleire tenesteytande bedrifter, som advokat, rekneskapstenester og arkitektkontor, er lokaliserte i miljøet. Miljøet har utvikla seg svært positivt sidan oppstartinga. Det er oppnådd vekst i talet på bedrifter i samlokaliseringa og talet på arbeidsplassar.

I samarbeid mellom Seljord kommune og lokale og regionale næringsaktørar er planen å utvikle og utvide miljøet med eit større bygg mellom eksisterande næringshagebygg og eit anna kontorbygg i området. Held til i moderne, nyinnreia lokale i Telebygget, Brøløsvegen 57 i Seljord Sentrum.

Nissedal

I Nissedal er det etablert eit kontorfellesskap i Treungen Teknologipark. Lokalt tilsette i offshorebedrifta Hitec Products AS i Treungen har i nokre år vore drivkraft i arbeidet med å skape eit samlokalisert kompetansemiljø. I tillegg til å vere byggeigar ønskjer Treungen Teknologipark å bidra til å skape eit samlokalisert kompetansemiljø.

Det er etablert toppmoderne kontorfasilitetar med 20 kontorplassar midt i Treungen sentrum.

I tillegg er det eit kontorfellesskap til heilt i startfasen. Det er ikkje slått fast om dette blir ein realitet, men Knut Haugsjå AS skal byggje eit nytt kontorbygg på industriområdet i Treungen. Dersom det er interesse for det vil han byggje ein ekstra etasje for å utvikle eit kompetansemiljø med felles fasilitetar.

Tokke

På Dalen er det planlagt eit næringshagebygg for å samlokalisere fleire verksemdar. Tokke kommune er den av kommunane i Vest-Telemark som har flest arbeidsplassar knytt til industri.

Utgangspunktet for den planlagde etableringa og bygging av eit nytt næringshagebygg er at ei av hjørnesteinsbedriftene i Tokke kommune; Scana Mar-El AS ekspanderer og treng meir plass.

Selskapet har ca. 40 tilsette. Eit samarbeidsprosjekt mellom Scana Mar-El AS, Tokke kommune, VTNU og VTN har som målsettingar:

- å etablere eit eigeidomsselskap som skal stå for finansiering og bygging av eit nytt næringshagebygg på vel 1000 m²
- å skape eit tydeleg symbol på næringshagen, eit signalbygg som gjer folk stolte, både dei som arbeider i bygget og dei som bur i Tokke kommune
- å etablere eit «næringshageselskap» som skal stå for drift av samlokaliseringa (kantine, møterom, utstyr til felles bruk, reinhald m.v.)
- å stimulere bedrifter til etablering, etablering av avdelingskontor, etablering av «heimkontor» m.v. i den nye næringshagen

Vinje

I Vinje kommune er det to næringshageinitiativ på gang.

Det eine er ein næringshage knytt til rehabiliteringssenteret AiR – Rauland Næringshage AS. Rehabiliteringssenteret AiR har status som landsdekkande helseinstitusjon i spesialisthelsetenesta. Dei ønskjer å utvikle seg som selskap og vil tiltrekke seg andre aktørar for å kunne gje eit enno betre tilbod til innbyggjarane i regionen og andre som nyttar AiR. AiR ønskjer å skape nye arbeidsplassar, og dei ønskjer å utvide forskarmiljøet. Kommunen har vedtatt at dei ønskjer å gå vidare med prosjektet, som gjeng ut på å etablere ein helse-næringshage på Rauland. Dei har også ytra interesse om å gå inn på eigarsida i eit eventuelt bygg. Planen er å etablere eit næringshageselskap på nyåret i 2016. VTNU har levert ein forstudie for denne næringshagen og Vinje kommune har vedtatt å gå vidare med saken.

Det andre initiativet er knytt til eit allereie eksisterande miljø på Vinjar (ligg vegg i vegg med nedlagte Vinje Skule). Kommunen har satt lokalane til disposisjon for næringsetablering og utvikling av næringshage. Det er per i dag ingen konkrete planar om etablering, men kommunens ynskje er at dei og miljøet vil utvikle og profilere denne næringshagen som "kulturnæringshage". Miljøet på Vinjar i dag består av fire kulturverksemder med kontorplass på Vinjar og ein med kontor på ein gard rett ved. Vest-Telemark Næringshage AS har 2 målbedrifter i området rundt Vinjar, desse har ikkje kontor i samlokaliseringa, den eine av desse er interessert i kontorplass dersom det blir etablert ein næringshage. Kulturprofilen til kulturnæringshagen vert forsterka gjennom etablering av det planlagte Vinje-senteret, senteret vil også kunne tilføre næringshagen kompetansearbeidsplassar.

Nynorsk kultursentrum og Vinje kommune arbeider saman for å etablere Vinje-senteret på Vinje skule, tanken er at dette senteret skal bli ei eiga driftsavdeling i Nynorsk kultursentrum på linje med Aasen-Tunet og Hauge-senteret. Det skal vere eit dokumentasjons- og formidlingssenter for diktning, journalistikk og språkleg mangfald. Med lokalisering på Vinje skule får Vinje-senteret ei unik og relevant geografisk plassering i høve heimstaden til tre av landets fremste diktarar:

Vinje-stoga: Barndomsheimen til A.O. Vinje, 200 m frå Vinjar og Vinje skule, freda

Midtbø: Heimen til Tarjei og Halldis Moren Vesaas 1934–1995, med skrivehytta Juvstøyl. Ambisjonen til Vinje-senteret er fire høgkompetansearbeidsplassar. Med tekniske tenester frå Vinje kommune reknar ein med stabil heilårsdrift og regelmessige opningstider gjennom veka. Ønskje er at senteret skal stå klart til 200-års jubileet for A.O Vinjes fødsel i 2018.

Potensielle målbedrifter

I den delen av næringshagearbeidet som dreier seg om utvikling av enkeltbedrifter innanfor næringshageprogrammet til SIVA, er "målbedrift" eit sentralt omgrep. Ei målbedrift har signert ei forpliktande avtale med den lokale SIVA næringshagen om samarbeid og kjøp av tenester. Bedrifta betalar ein eigenandel for desse tenestene, medan SIVA og fylkeskommunen bidreg med resten av kostnaden.

Innanfor ramma av denne bestillinga er det ikkje mogleg å utføre gode undersøkingar knytt til kor mange bedrifter som kunne tenkje seg å bli målbedrifter knytt til utviklingsarbeid gjennom SIVA. Det me kan sei er at per i dag har Vest-Telemark Næringshage AS ingen målbedrifter i Fyresdal Næringshage eller i samlokaliseringstiljøet i Seljord. Her ligg det eit potensiale i bedrifter som kan ha bruk for subsidierte rådgjevingstenester.

Førre runde i rekruttering av målbedrifter enda med 18 nye målbedriftsavgifter av totalt 50 bedrifter som fekk informasjon om VTNH. Desse 18 bedriftene representerer ca. 185 arbeidsplassar i regionen og står for ein årleg omsetnad på over 300 millionar kroner. Desse bedriftene er plassert rundt om i heile Vest-Telemark.

Del 2: Arbeidsoppgåver som må løysast av aktørane

Del 2 i oppdraget er å kartlegge dei ulike arbeidsoppgåvene som må løysast av aktørane; byggselskap (eigar), driftselskap (dagleg drift), næringshageselskapet (innhaldsselskap). Det er naturleg å sjå på måla for kvar av organisasjonane, då arbeidsoppgåvene skal bygge opp under måla (og sjåast på som tiltak). Det er også interessant å sjå på om det vert utført arbeidsoppgåver i organisasjonane som ikkje er reflektert i måla, men som nærmast ved sedvane har utvikla seg til arbeidsoppgåver.

Teorien for organisering og arbeidsdeling er difor som følger:

Næringshage-utviklingsselskap: utvikle det kommersielle grunnlaget for næringshagebygg

Næringshage-driftsselskapet:

1. Prosjektere og bygge næringshagebygg
2. Sørge for at næringsbygget til kvar ei tid er fullt utleigd
3. Sørge for at bygget tilfredsstillar de krav leigetakarane stiller til et tidsmessig næringshagebygg
4. Drifte tilleggstenester innan drift i tillegg til utleie av næringslokale.

Næringshage-eigedomsselskap: eige næringshagebygg

Næringshage-konsulentselskapet: tilby konsulenttenester/rådgjeving til målbedriftene og andre bedrifter i næringshagen.

Proessen

Næringshagesatsing kan sjåast på som ein prosess. Det startar som eit utviklingsoppdrag med basis i ønskje og idé frå lokale eldskjeler/næringsliv og dei aktuelle kommunane. Deretter går ein inn i ein etableringsfase for både bygg og for å skape eit miljø, før ein endar opp i driftsfasen.

Utvikling

Vest-Telemark Næringsutvikling AS har tatt rolla i å utvikle næringshagar i Vest-Telemark ved å fungere som konsulentar i utviklingsarbeidet. Denne arbeidsoppgåva er også ei av deira målsetningar og ligg i strategien for selskapet. I VTNUs mål og strategidokument står det at VTNU skal: «utvikle og drifte næringshagar i Telemark». Dokumentet vart vedtatt av styret for VTNU 2. desember 2014, og erstatta tidlegare mål og strategidokument frå 2013, der næringshagar ikkje var nemnd. Den geografiske avgrensinga er Telemark, og det er med dette tydeleg at næringshageambisjonane gjeng ut over Vest-Telemark. I strategidokumentet frå desember 2014 er det tydelig ei dreining av fokus mot økonomisk forsvarleg drift av VTNU. Desse fire nye strategiane kom då inn i strategidokumentet:

- o Bygge opp et sikkert driftsgrunnlag gjennom kvalitet og oppgåvegjenomføring, god forretningsdrift og tilstrekkeleg eigenkapital i selskapet»
- o Søke investorar som kan tilføre VTNU eigenkapital og kompetanse.
- o Søke å utvikle en attraktiv utbyttepolitikk
- o Dagleg leiar skal søke og ta roller i selskap VTN/VTNU investerar i

Når VTNU tek på seg å utføre driftstenester for næringshageeigedomsselskapa, så er det som ein kommersiell aktør, og det er viktig at det skjer på ein effektiv måte som både eigedomsselskapet og VTNU er nøgde med. VTNU har også næringsutviklingsføremål.

Eigedom

Eigedomsselskapas rolle er enkel og avgrense; deira rolle er å vere eigarar av næringshagebygget. Målet er å drive minimum med vedlikehald og oppgradering for å ha bygget fullt utleigd til kvar ei tid, til no har ikkje eigedomsselskapa hatt tilsette, men hatt eit ønskje om å leige denne tenesta eksternt. Dette er basert på at det ikkje er behov for 100 % dagleg leiar stilling, det gjev dermed større fleksibilitet å kjøpe inn denne tenesta eksternt.

Drift/innhald

I dei næringshagane som tidligare er etablert har det vore skilt mellom drift/innhald og eigarselskap. Driftselskapet har også blitt oppretta før eigedomsselskapet, då driftselskapet har vore drivkrafta i utviklinga av næringshagesatsinga. Driftsselskapet har tidligare vore knytt til kvart enkelt næringshagebygg.

Me kan sjå på Dalen Næringshage: Målet ved dette selskapet er å stå for drift av samlokaliseringstiljøet (kantine, møterom, utstyr til felles bruk, reinhald m.m). Dei skal også stimulere bedrifter til etablering, etablering av avdelingskontor, etablering av heimekontor mm. i det planlagde næringshagebygget. Selskapet har også som føremål å skape det kommersielle grunnlaget for at det blir bygd eit næringshagebygg som etter kvart vil bli overdratt til eit eigedomsselskap. Tanken er at drift/innhaldsselskapet ikkje skal ha tilsette, men kjøpe tenestene frå VTNU. Gjennom avtaler med Vest-Telemark Næringshage AS, Dalen Næringshage AS, Seljord Næringshage AS og Rauland Næringshage AS står VTNU for drifta av ein stor del av næringshagane i regionen. Skilnaden mellom næringshagane er at det i Kviteseid ikkje er eit driftsselskap, her leiger eigedomsselskapet

(Vest-Telemark Næringspark) inn VTNU til drift, som igjen kjøper ein del av desse tenestene frå VTNH.

Næringskonsulentselskap

I tillegg til eigedom og drift/innhaldsselskap er det kome ein tredje type selskap som skal drive rådgjeving for verksemdene i næringshagemiljøet; Vest-Telemark Næringshage AS.

VTNHs arbeidsoppgåver er styrt av måla som er sett for verksemda. Dei har henta sine mål til dels frå SIVA sine mål, og dels frå mål som er sett av styret som både kan ha- og ikkje ha noko med SIVA sine mål å gjere. Det har i 2015 vore eit "hierarki" av mål og aktivitetar som skal realisere næringshageselskapets mål.

SIVAS næringshageprogrammål: Øvst i målhierarkiet står SIVAS mål, deretter er det delmål som VTNH har utleda frå SIVAs generelle mål. Styret i VTNH vedtek på bakgrunn av dette ein årleg handlingsplan som må bli godkjent av SIVA. Måla kan konsentrerast ned til: Økt verdiskaping og vekst. VTNH skal bidra til at verdiskapinga hjå næringshage bedriftene i snitt skal ligge 5 % over samanliknbare bedrifter som ikkje er knytt til næringshagane. VTNH skal legge til rette for at målbedriftene blir betre på det dei allereie gjer, i tillegg skal næringshagen knytte til seg kompetansebaserte nyetableringar, anten som målbedrift eller samlokalisert verksemd.

Vidare legg SIVA og næringshagen vekt på prosessar som internasjonalisering, nettverk, samlokalisering, regional utvikling, samt profilering, omdømme og attraktivitet.

Vest-Telemark Næringsutvikling AS har også som mål i sitt strategidokument å yte bedriftsrådgjevingstenester, slik at det kan bli ein viss overlapp mellom dei to selskapa. Per i dag tilbyr VTNU ikkje rådgjeving til selskap dei ikkje har eigarandelar i. Til no har ikkje nokon av bedriftene som VTNU har eigeandelar i vore målbedrifter i VTNH.

Skjematisk oversikt

Vi har skjematisk framstilt dei ulike aktørane og oppgåvene som må løysast etter miljø.

Dalen Næringshage og Rauland Næringshage er under etablering, og aktør til alle rollene er difor ikkje klare endå. Her har vi vald å peike på kven som i praksis *utfører* oppgåva, framfor kva selskap som har ansvaret for at oppgåva vert løyst. Der det er blanke felt i tabellen, er det ikkje avklart kven som skal ha oppgåva, eller det er ei oppgåve som p.t. ikkje vert løyst.

Rolle/oppgåve	Huseigar	Eigedomsdrift	Kantine/vask	Dagleg leiar -teneste	Bedrifts- utvikling
Miljø					
Fyresdal	FN Eigedom AS	FNH AS	Telemark Lys AS	Silva	Silva
Seljord	SN Eigedom AS	SNH AS	Frivilligsentralen?	VTNU	
Dalen	U.E.	DNH AS		VTNU	
Rauland	U.E.	RNH AS	AiR	VTNU	
Kviteseid	VT Næringspark AS	VTNU/VTNH	VTNH	VTNH	VTNH

Forklaring på forkortingar i tabellen:

FN Eigedom AS	Fyresdal Næringshage Eigedom AS
FNH AS	Fyresdal Næringshage AS
Silva	Silva Consult AS
SN Eigedom AS	Seljord Næringshage Eigedom AS
SNH AS	Seljord Næringshage AS
VTNU	Vest-Telemark Næringsutvikling AS
RNH AS	Rauland Næringshage AS
AiR	Rehabiliteringssenteret AiR
U.E.	Under etablering
VT Næringspark AS	Vest-Telemark Næringspark AS
VTNH	Vest-Telemark Næringshage AS

Del 3: SWOT-analyse

Del 3 av oppdraget er å utføre ei SWOT-analyse der det skal peikast på styrker og svakheter med måten næringshagearbeidet i Vest-Telemark er organisert på i dag. Å SWOT-analysere eit arbeid der ein sjølv er ein viktig aktør kan vere utfordrande, men etter samtalar med fleire av aktørane og utanforståande vil vi freiste å gjere ei så objektiv analyse som mogleg, sett frå vårt synspunkt.

Rammer for analysen

Denne SWOT-analysen skal gje arbeidsgruppa til arbeidspakke 1 eit grunnlag å arbeide vidare ut i frå. Næringshagesatsinga i Vest-Telemark har mange ulike aktørar og ved å studere denne analysen er det mogleg å tileigne seg eit overblikk over styrkane og svakheitene med dagens organisering. I tillegg er det sett på eksterne moglegheiter og truslar. Utgangspunktet for analysen er arbeidsoppgåvene og aktørane nemnd tidligare i rapporten: egedomselskap, utviklingsselskap, driftselskap og konsultentselskap.

Vi vel å framstille våre konklusjonar skjematisk i ein SWOT-tabell. Målet med dette er å kommunisere funna i analysen oversiktleg og på ein enkel måte. Dei ulike punkta vert difor ikkje uttømande forklart, men er meint å gje eit innspel til det vidare arbeidet med prosjektet.

Innanfor ramma av denne direkteanskaffinga har det ikkje vore høve til å gjennomføre spørjeundersøkingar eller andre djuptgåande undersøkingar av dei ulike miljøa. Dette bør ein vurdere i det vidare arbeidet med prosjektet, dersom ei SWOT-analyse er av stor interesse for styringsgruppa.

SWOT – analyse

Styrker	Svakheiter
<ul style="list-style-type: none"> - Til saman har aktørane eit godt og solid produkt: breid kunnskap å tilby næringslivet og det offentlege i regionen - Antatte stordriftsfordelar ved at nokre aktørar ein involvert i drift av fleire næringshagar - Mange godt etablerte aktørar med stort nettverk - Medlemer i næringshageforeining og SIVA, gjev nasjonalt nettverk. - Byggaktørane har tilgang til stor bygningsmasse mellom seg. - Fleire aktørar er samlokaliserte, fører til samarbeid - Større handlefridom i ein fragmentert struktur - Større høve til spesialisering og spissing av kompetanse i ein fragmentert struktur - Mindre, lokale aktørar gjev større lokalt eigarskap til og engasjement rundt den enkelte næringshage - Ein liten aktør/organisasjon er meir oversiktleg og mobil enn ein større, meir samansett aktør. 	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunikasjonsvanskar: vanskeleg for utanforståande å skilje mellom aktørane. - Mykje ressursar gjeng til administrasjon. - Fleire personar har mange hattar – kan føre til interessekonfliktar - Mange av aktørane søker offentlege midlar til næringshagearbeid frå dei same kjeldene. Dette vert oppfatta som forvirrande for finansøren, sjølv om midlane oftast vert søkt til ulike formål. - Nokon av aktørane driv på kommersielt grunnlag, andre ikkje. - Ressursar som vert nytta til å samordne arbeidet med mange aktørar slik det er i dag, kan gå ut over arbeidet med å utvikle enkeltbedrifter og næringsliv i regionen. - Manglande kommunikasjon mellom aktørane kan føre til misforståingar eller at ein motarbeider kvarandre utan å vite det. - Ulik eller motstridande strategisk tilnærming til arbeidet og ulike målsettingar kan motverke gode resultat for næringslivet i regionen som heilhet
Moglegheiter	Truslar
<ul style="list-style-type: none"> - Grunna nedgangen i oljeindustrien vil det offentlege i framtida satse meir på å fremje gründerverksemd - Ved å ha næringshagar i kvar kommune, kan verkemiddelapparatet vere representert i alle kommunar - Med dagens fragmenterte struktur, kan den enkelte aktør enkelt ta strategiske val om å utvide sitt geografiske virkeområde eller forretningsområde etter eige ynskje og kapasitet 	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire aktørar er delvis finansiert av offentlig stønad/tilskot som kan falle bort - Strengare regulering i framtida; høgare byggestandard, dyrare å bygge nybygg - Kommunane får dårlegare råd grunna nedgang i folketalet, og kan difor kutte i støtta til næringshagearbeidet

Kommentarar til analysen

Samla har aktørane eit solid produkt å tilby næringslivet i Vest-Telemark. Det er bedriftsrådgjeving ut til bedrifter, både i form av etablerarkontoret og bedrifter knytt til næringshagen i Fyresdal og Vest-Telemark Næringshage i Kviteseid. I tillegg er det fleire regionale prosjekt som styrast av til dømes VTNU, VTNF og Vest-Telemark Rådet.

Dette fragmenterte miljøet med fleire mindre aktørar er fleksibelt og kan gå i ulike retningar basert på strategi, økonomi og kapasitet hjå den enkelte aktør. Aktørane konkurrerer stundom om både midlar, roller og "kundar", men like ofte utfyller dei kvarandre sett frå sluttbrukaren sitt perspektiv. Utfordringa kan ligge i å navigere i dette systemet dersom ein ikkje er svært godt kjent med miljøet og dei enkelte aktørane si rolle.

Når det er mange aktørar som driv innanfor næringsutvikling vert det ei utfordring å kommunisere ut til dei som har bruk for tenester eller av andre grunnar bør vite om tenestene, vere det kommunar, støtteorganisasjonar, næringsliv eller andre. Mange av aktørane har forholdsvis like namn, og dette er forvirrende for Ola Normann. Gründerar eller næringsdrivande som ser eit behov for bistand i utviklinga av sin ide eller bedrift, vil oppleve at det er mange aktørar å forholde seg til, berre lokalt i Vest-Telemark. I tillegg til dei som er involvert i arbeidet med næringshagar har du det kommunale næringsapparatet som også står til teneste i større eller mindre grad. Så kjem dei nasjonale tiltaka gjennom Forskringsrådet, Innovasjon Norge, VRI og liknande.

At dette kan verke forvirrende på ålmenta er ikkje rart; til dømes driv ikkje Vest-Telemark Næringshage med utvikling av næringshagar i Vest-Telemark, det er det Vest-Telemark Næringsutvikling som gjer. Samstundes driv ikkje Vest-Telemark Næringsutvikling med bedriftsutvikling i Vest-Telemark, men det gjer mellom andre Vest-Telemark Næringshage. Me må berre innsjå at gjennomsnitts-vesttelen har ein jungel av namn og aktørar å navigere seg fram i. Også dei store nasjonale og regionale aktørane som Innovasjon Norge eller Telemark fylkeskommune opplever problem med å skilje mellom aktørane og kva den enkelte står for.

Det er i dag ei blanding av kommersielle og ikkje kommersielle aktørar. I tillegg har nokre tilsette hjå aktørane roller/stillingar/verv i fleire av dei involverte selskapa. Dette kan føre til interessekonfliktar eller ålmenta kan hevde at truverdigheten vert svekka. Fleire tilsette i dei ulike selskapa har mange ulike roller og verv blant aktørane, særskilt der det er kommersielle interesser bak. Ved at det er så mange aktørar som driv med næringsutvikling i Vest-Telemark kan det tenkast at det brukast unødvendig store ressursar på administrasjon; ressursar som kunne vore brukt direkte til næringsutvikling.

Fleire av dei involverte aktørane er finansiert av offentleg stønad eller tilskot. Stønaden kan falle bort ved til dømes regjeringsskifte med nye statsbudsjett og andre satsingsområde. Telemark fylkeskommune er også ein sentral økonomisk bidragsytar hjå fleire av aktørane, og Næringshageprogrammet til SIVA er midlertidig og blir avslutta eller vidareført i 2021 og med det kan det blir endring i stønadar frå SIVA også.

Samla tek aktørane i Vest-Telemark i mot mykje offentleg stønad og tilskot. Dersom det var færre aktørar kunne det ført til noko mindre samla stønad, men samstundes er moglegheitene større for å få på plass ei meir permanent og forutsigbar finansiering, noko som ville spare ressursar i form av at det ikkje er nødvendig å bruke så mykje tid til å søke om midlar.

Konklusjon

Basert på kartlegginga vi har gjort i dette arbeidet, kan ein konkludere med at det drivast eit stort og aktivt næringsutviklingsarbeid i Vest-Telemark, særskilt knytt til næringshagemiljøa som veks fram. Dette betyr at det er mykje godt arbeid som vert gjort og at tenestetilbodet er stort, samstundes som det er eit noko uoversiktleg og uklart "landskap" å navigere i, både for næringsdrivande som ønskjer rådgjeving, og for dei ulike offentlege aktørane. Den skjematiske framstillinga av arbeidet på side 13 viser det store omfanget av aktørar som er på banen, og at oppgåvefordelinga mellom desse er ulik i kvart enkelt miljø. Ein bør undersøke vidare om dette er til hinder for eventuelle stordriftsfordelar eller kompetanseoverføring mellom dei ulike miljøa, til dømes innan driftstenester.

Ein kan også stille spørjeteikn ved om effektiviteten i arbeid og administrasjon er så god som den kunne vore dersom ein hadde eit tettare samarbeid eller samla fleire av aktørane i ein organisasjon. Dette er noko ein eventuelt kan undersøke nærare i fortsettinga av prosjektet dersom dette er at interesse for styringsgruppa.